

Stjernehimme! på boks

Stjernehimme! er flott å utforske på mørke, klare vinterkveldar. Her får du oppskrifta på korleis du kan lage din eigen stjernebildekikkert for å utforske stjernebilda på himme!.



AV GRO WOLLEBÆK, LÆREBOKFORFATTAR OG RESSURSLÆRAR FOR NYSGJERRIGPER



Stjernebildekikkert


Slik lagar du kikkerten:

1. Ta ein tom Pringles-boks og dekk røyret med papir. Bokbind er lett å klippe til. Lim papiret fast til røyret.






2. Ta ein spikar og lag eit hol i metallbotnen av boksen. Pynt utsida av boksen med teikningar, glitter eller det du har som passar på kikkerten din.

Karlsvogna



Lille bjørn







3. Klipp ut sirkclar med diameter 8,3 cm av tjukt, svart papir. Sirklane skal passe inni loket på Pringles-boksen. Klipp dei akkurat like store som innsida av loket. Klipper du sirkelen for liten, dett han ut av loket og forsvinn inn i røyret.

4. Teikn av eit stjerne-teikn på papirsirkelen. Du kan òg klippe ut malen her frå bladet og lime han på pappsirkelen.


5. Bruk først ei nål og stikk hol i kvar prikk. Ta deretter ein spikar og stikk på nytt, slik at hola blir større.

6. Merk sirkelen med kva som er opp og ned, slik at du seinare veit kva for veg sirkelen skal vere inni loket.



7. Snu pappsirkelen og skriv på baksida kva stjernebildet heiter.

8. Legg sirkelen riktig veg inn i loket. Teiknesida skal vende inn i røyret og namnet utover.




Slik bruker du kikkerten:

1. Legg ein ferdig pappsirkel med hol inni loket.
2. Set loket på røyret.
3. Kikk inn i holet du har laga i botnen av boksen. Det kan vere lurt å vere i nærleiken av ein lampe eller eit vindauge så du får godt med lys. Ser du stjernebildet?
4. Lag fleire sirkclar med andre stjernebilde. Byt bildet inni loket. Lær deg dei forskjellige stjernebilda.
5. Gå så ut om kvelden og sjå om du finn dei ekte stjernebilda på himmelen.

Lag stjernebilda med strikk og teiknestiftar: Sjå side 15.



Orion



Kassiopeia

